



Giske kommune
historisk og framtidsretta



Folkehelseoversikt

Giske kommune

Revidert 2024

Forord

Lov om folkehelse pålegg kommunane å ha eit systematisk og kunnskapsbasert folkehelsearbeid. Å styrke folkehelsa i kommunen handlar om å rette innsatsen dit det vil ha størst effekt.

Vi er glade for å legge fram revidert folkehelseoversikt for Giske kommune. Den inneheld oversikt over helsetilstanden og påverknadsfaktorar for innbyggjarane i kommunen.

Oversikta skal inngå som grunnlag for kommunen sin planstrategi, og den skal kunne nyttast for prioritering og planlegging både politisk og administrativt. Dette gjeld kommunale planar som samfunnsplan, arealplan, fag- og temaplanar og økonomiplan/årsbudsjett.

Kommunen si øvste leiing skal sjå til at dokumentet blir brukt og at det leggst til grunn for all kommunal planlegging. Arbeidet med folkehelseoversikta er ein dynamisk prosess, og ein må regelmessig oppdatere med ferske tal. Målet er at kartlegginga til ei kvar tid skal gi ei god oversikt over dei viktigaste områda som vedkjem folkehelsa i kommunen.

Som politiskar kan du legge til rette for at innbyggjarane kan ta sunne val i kvardagen, og vere med på å redusere sosiale ulikheiter i helse. Dette krev politisk mot!

Som tilsett i Giske kommune skal dokumentet vere til hjelp i planlegging og prioriteringar i det daglege arbeidet.

Folkehelse er samfunnsutvikling – tenk folkehelse i alt du gjer!

Valderøya, 23.5.2024

Karl Andre Birkhol

Kommunedirektør

Innhald

Forord	2
1 Innleiing	5
1.1 Hovudtrekk	5
2 Befolkningssamansetning	5
2.1 Oppsummering	6
2.2 Framleis sterk folketalsvekst	6
2.3 Barnerik kommune	6
2.4 Den eldre befolkninga	7
2.5 Innvandring og flytting	8
3 Oppvekst- og levekår	8
3.1 Oppsummering	8
3.2 Utdanningsnivå	8
3.3 Arbeid, sjukefråvær og uføretrygd	9
3.4inntekt	9
3.5 Barnehage	10
3.6 Skule	11
3.7 Lovbrot	12
3.8 Bustad	12
4 Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø	12
4.1 Drikkevatn	13
4.2 Forureining og klima	13
4.3 Støy	14
4.4 Kultur og fritidstilbod	14
4.5 Møteplassar	16
4.6 Frivillige	16
4.7 Anlegg for idrett og fysisk aktivitet	16
4.8 Nærturterreng, rekreasjonsareal og turmoglegheiter	17
4.9 Gang- og sykkelveggar	17
4.10 Kollektivtilbod	17
5 Skadar og ulykker	17
5.1 Hoftebrot	18
6 Helserelatert åtferd	18
6.1 Oppsummering	18

6.2	Fysisk aktivitet -----	18
6.3	Skjermbruk -----	19
6.4	Kosthald -----	19
6.5	Rusmiddelbruk -----	20
7	Helsetilstand -----	21
7.1	Oppsummering -----	21
7.2	Venta levealder -----	21
7.3	Eigenrapportert helse -----	21
7.4	Søvn -----	21
7.5	Overvekt og fedme -----	22
7.6	Sjukdomsgrupper -----	22
7.7	Vaksinasjonsdekning -----	24
8	Referansar -----	24

1 Innleiing

Folkehelseoversikta søker å gi eit bilete av helsetilstanden til innbyggjarane i Giske kommune.

Tilgjengeleg statistikk og informasjon frå tenestene i kommunen er hovudkjelder til informasjon.

Det er viktig å avdekke tema der Giske kommune skil seg negativt ut samanlikna med landet og regionen. Dette kan gje grunnlag for gode prioriteringar i kommunen sitt arbeid framover.

Fokus på folkehelse og helsefremjande arbeid i kommunen kan likevel ikkje avgrensast til dei identifiserte problemområda. Sjølv om kommunen ikkje er dårlegare enn landsgjennomsnittet når det til dømes gjeld fysisk aktivitet, er det likevel mange gode grunnar til å legge til rette for auka fysisk aktivitet i befolkninga. Her er det store gevinstar å hente i alle aldersgrupper, og mange moglege tiltak for kommunen.

1.1 Hovudtrekk

- Utanforskap
 - Det har vore ei auke i tal på unge som fell utanfor skule og arbeid
- Bekymringsfull utvikling i rusbruk, kriminalitet og åtferdsproblem blant ungdom i kommunen.
 - Ein ser denne utviklinga også nasjonalt
 - Ungdata 2024 tyder på at rusbruk i Giske blant ungdom i ungdomsskulen ligg noko høgare enn snittet i landet
- Mangel på møteplassar for befolkninga, alle aldersgrupper
- Kommunen ligg blant dei lågaste i landet for ressursar til kulturtilbod
- Framleis mangel på pedagogisk utdanning blant leiarar i barnehagane
- Låg arbeidsløyse samanlikna med landet
- Vi har god kvalitet på drikkevatn og lite problem med forureining og støy i kommunen
- Inaktivitet, dårleg kosthald og bruk av alkohol, røyk og andre rusmiddel er viktige risikofaktorar for sjukdom, tidleg død og redusert livskvalitet i befolkninga. Kommunen skil seg ikkje negativt ut samanlikna med landet – men det er likevel eit stort forbettringspotensial

2 Befolkningssamansetning

Med befolkningssamansetning meiner ein grunnlagsdata om befolkninga som tal innbyggjarar, fordeling av alder- og kjønn, sivilstatus, etnisitet, flyttemønster osb. Denne informasjonen er viktig i vurderinga av informasjon utover i dokumentet, men kan og i seg sjølv vere vesentleg som del av utfordringsbildet for folkehelsa i kommunen. Kapittelet er viktig for fleire av FN sine berekraftsmål, og vil kunne påverke strategiske val.



2.1 Oppsummering

- Giske har ei anna befolkningssamansetning enn mange andre kommunar i fylket.
- Barnerik kommune
- Befolkninga veks og det er venta at utviklinga vil halde fram

2.2 Framleis sterk folketalsvekst

Folketalet i Giske kommune er 8691 personar (4.kvartal 2023). Giske kommune er den kommunen i Møre og Romsdal som har størst prosentvis folketalsauke med 17,6 % auke i perioden 2012-2022. Ifølge SSB sine prognosar vil denne trenden fortsette med ein folketalsauke på 12,8 % (1098 personar) i perioden 2022-2037. Dette er høgt samanlikna med forventa vekst i fylket samla sett i perioden (2,8 %).

Nye tal for befolkningsutvikling i 2023 syner at kommunen si befolkning gjekk ned med ein innbyggjar i 2023. Prognosar for befolkningsutvikling har alltid usikkerheit, og ein kan sjå variasjon frå år til år.


2.3 Barnerik kommune

Giske kommune har ei ung befolkning, og er blant dei mest barnerike kommunane i fylket. Del innbyggjarar mellom 0-19 år i Giske kommune auka frå 2000 til 2022 med 23,6 % (til samanlikning: Møre og Romsdal ned 5,8 % og landet samla sett opp 6,4 %).

Folketal fordelt på aldersgruppe blant barn, per 1.januar 2023				
Alderstrinn	0-5 år	6-12 år	13-15 år	16-19 år
Prosent	7,7	9,8	4,5	5,4
Personar	672	850	394	467

I 2021 hadde kommunen eit fødselsoverskot på 61 personar. Tal for 2022 var 18 personar. Åtte av 26 kommunar i fylket hadde positivt fødselsoverskot i 2022.

I fylket ser ein reduksjon i fruktbarheitstal (1,99 i 2011 og 1,51 i 2022) og at gjennomsnittsalder for førstegongsfødande stig.



Barn og unge 1993–2023, framskriving til 2033. Møre og Romsdal Fylkeskommune sin kommunestatistikk for Giske kommune 2023. Kjelde SSB.


2.4 Den eldre befolkninga

Befolkningssamansettinga i fylket har dei siste tiåra endra seg. Talet på eldre aukar og låge fødselstal dei seinare åra gir færre barn og unge. Dei store fødselskulla etter siste verdskrigen har no blitt pensjonistar og mange av desse nærmar seg, eller har passert 80 år. Talet på eldre vil halde fram å auke i tiåra som kjem. Denne stagnasjonen i befolkningsmengda i arbeidsfør alder viser viktigheita av god helse for heile befolkninga.

Giske er ein av dei «yngste» kommunane Møre og Romsdal, med lågast del eldre (innbyggjarar over 80 år utgjer 4,4 % av befolkninga per 1.januar 2023). Del eldre over 80 år er forventa å auke til 6,2 % i 2033. I følgje SSB sine framskrivingar vil tal eldre over 80 år auke frå 364 personar i 2022 til 549 personar i 2032 og 688 personar i 2037.

Sjølv om relativ del eldre er lågare enn i mange andre kommunar, vil eldrebølga likevel merkast godt dei næraste åra.

Forsørgarbrøk for eldre er forholdet mellom tal eldre og tal personar i yrkesaktiv alder. Eit lågt tal tilseier at det er få yrkesaktive i forhold til tal eldre med potensielt hjelpebehov. Medan ein i dag har 3,4 personar i yrkesaktiv alder (20–65 år) per person over 65 år må ein i 2030 klare seg med 2,7 yrkesaktive per person over 65 år. Dette forholdet (forsørgarbrøken) vil fortsette å falle til 2,3 i 2040 og 1,9 i 2050.



Tal personar i yrkesaktiv alder (20-64 år) per eldre over 65 år. Møre og Romsdal Fylkeskommune sin kommunestatistikk for Giske kommune 2023. Kjelde SSB.

2.5 Innvandring og flytting

Dei siste åra har det vore ei gradvis auke i innvandrarar i fylket grunna familieinnvandring og flyktningar frå ulike konfliktområde. Utan innvandringa hadde folketalet i fylket gått ned. I 2022 var det vedtatt at Møre og Romsdal skulle ta i mot 2870 flyktningar. For 2023 er oppmodinga å busette 2625 flyktningar. Dette er med bakgrunn i krigen i Ukraina og andre konfliktområde (IMDi, 2022). Til Giske er det størst utanlandsk innvandring frå Litauen, Polen, Latvia og Ukraina (2023). I Giske har både innanlandsk nettoflytting og netto-innvandring bidrege til auke i folketalet.

3 Oppvekst- og levekår

Arbeidssituasjon, økonomiske vilkår, bu- og utdanningsforhold har stor betydning for helse og livskvalitet. Helse er eit resultat av individuelle eigenskapar og faktorar i miljøet som gir beskyttelse mot eller auka risiko for helseplagar. Til dømes er sosial ulikheit, arbeidsløyse, dårleg læringsmiljø og mobbing risikofaktorar for utvikling av psykiske lidningar. (sjå oversikt over beskyttelses- og risikofaktorar for psykisk helse under punkt 9.2).

3.1 Oppsummering

- Utdanningsnivået er lågare enn på landsbasis, men skil seg ikkje frå resten av fylket.
- Arbeidsløysa i Giske kommune er lågare enn landsgjennomsnittet.
- Det er ei auke i unge mellom 16 og 21 år som ikkje er i verken utdanning eller skule.
- Det er auke i pedagogdekning i barnehagane siste åra, men framleis vert stordelen dekt gjennom dispensasjon gitt av kommunen.
- Det er ei bekymringsfull auke i lovbrøt blant ungdom under 18 år.

3.2 Utdanningsnivå

Det er godt dokumenterte samanhengar mellom utdanningsnivå, materielle levekår og helse. Personar med høgare utdanning lever lengre og har færre psykiske og fysiske helseplagar enn personar utan høgare utdanning (Folkehelseinstituttet, 2015). I heile Noreg hadde 36,9 prosent av

dei over 16 år høgare utdanning i 2022.

I 2022 var fordelinga i Giske kommune 24,7 prosent med grunnskole, 39,1 prosent med vidaregåande skule, 5,4 % med fagskule, 24,5 prosent med kort høgare utdanning og 6,2 prosent med lang høgare utdanning. Ingen i Giske kommune er registrert utan noko utdanning (SSB).

3.3 Arbeid, sjukefråvær og uføretrygd

Arbeidsløyse er ein sterk risikofaktor for psykiske problem, medan mogelegheit til å utfalde seg, ta i bruk egne evner og oppleve kontroll over eigen livssituasjon er beskyttande faktorar. Faktorar i arbeidsmiljøet som kan medverke til sjukdom og uførheit er for høge krav kombinert med lite sosial støtte og lite mogelegheit til å påverke jobben (Folkehelseinstituttet, 2011, s. 9, 18; Clausen, 2015).

3.3.1 Sysselsetting

Av befolkninga i kommunen mellom 15 og 74 år var 72,8 prosent (74,8 % av menn og 70,6% av kvinner) sysselsette i 2022, mot 68,7 prosent i heile landet (SSB). Giske kommune er den kommunen i fylket som har lavast arbeidsplassdekning, 61,7 % i 2022. Det betyr at ein stor del av dei sysselsette pendlar ut av kommunen for å arbeide, og Giske er slik ei typisk bustadkommune. Dei fleste utpendlarar frå Giske arbeider i Ålesund der det er høg arbeidsplassdekning. 53,5 prosent av dei sysselsette pendla ut av kommunen i 2022 (Møre og Romsdal Fylkesstatistikk 2023).

3.3.2 Arbeidsløyse

Delen registrert arbeidslause i Giske kommune er 1,7 % prosent pr mars 2024. På landsbasis er talet 3,9 % (nav.no).

3.3.3 Næringsstruktur

Servicenæringar er dei næringane som sysselsett flest i Giske kommune, med sekundærnæringar og helse- og sosialtenester på andre og tredje plass. I 2022 blei det registrert 74 nye føretak i Giske kommune (Møre og Romsdal fylkesstatistikk 2023).

3.3.4 Sjukefråvær

Det legemeldte sjukefråværet blant personar busett i kommunen var på 6,6 prosent i 2. kvartal 2023, det er ei auke på 11,9 prosent frå 2. kvartal 2022 då talet var 5,9 prosent (Møre og Romsdal fylkesstatistikk 2023). Nivået er litt høgare enn landsgjennomsnittet som er 5,55 prosent og i fylket som er 5,8 prosent (SSB). Som i resten av landet er fråværet høgare blant kvinner enn menn (4,9 prosent blant menn mot 8,5 prosent blant kvinner) (SSB).

3.3.5 Uføretrygd

Per 2022 fekk 7,9 prosent av befolkninga i Giske kommune mellom 18 og 67 uførestønad, det utgjør 418 personar. Talet er lågare enn fylkesgjennomsnittet på 10,4 prosent og landsgjennomsnittet 10,7 prosent. Av dei som mottek uførestønad er 52 personar under 34 år, åtte er i alderen 18 til 24 år (SSB).

3.4 Inntekt

Sosioøkonomisk status har stor betydning for fysisk og psykisk helse. Analyser av Ungdata-undersøkinga viser at ungdom som har få ressursar heime (sosiale og økonomiske) trivst dårlegare på skulen og i nærmiljøet, er meir utsett for mobbing, har fleire fysiske og psykiske plager og eit meir problematisk forhold til foreldre og venner, deltek sjeldnare i organiserte fritidsaktivitetar og bruker

meir tid på skjermaktivitet (Bakken et al., 2016). Dette seier oss at arbeid for å redusere sosiale forskjellar er relevant for å styrke psykisk og fysisk helse.

3.4.1 Medianinntekt

Medianinntekta er den inntekta der det er like mange som tener meir som det er personar som tener mindre. Medianinntekt gir ofte ein betre peikepinn enn gjennomsnitt på kva som er vanleg inntekt i området, sidan nokre få med usedvanleg høg inntekt vil trekke gjennomsnittet betrakteleg opp. I 2018 var medianinntekta i Giske kommune 393 700, mot 378 000 i Møre og Romsdal (M&R fylkesstatistikk, Giske kommune). I 2022 har medianinntekt auka til 429 700 kr i Giske kommune og 415 600 kr i Møre og Romsdal (Møre og Romsdal fylkesstatistikk).

3.4.2 Inntektsforskjellar mellom hushald

Gini-koeffisienten er eit mål på inntektsforskjellen mellom hushald. Koeffisienten går frå 0 til 1, der 0 viser minst forskjell og 1 viser størst forskjell. Inntektsforskjellen i Giske kommune er litt lågare enn på landsbasis (0,279), men har auka frå 0,198 i 2009 til 0,231 i 2021. Aukande sosiale forskjellar kan føre med seg aukande helseforskjellar.

3.4.3 Fattigdom

EU definerer fattigdomsgrensa som 60 prosent av medianinntekta. I 2022 levde 7,5 prosent av befolkninga i Giske kommune, tilsvarande 637 personar, i hushald med inntekt under fattigdomsgrensa. Dette talet har halde seg nokså stabilt dei siste ti åra. Talet er framleis lågare enn landsgjennomsnittet på 10,9 prosent (kommuneprofilen.no). Delen barn under 18 år i hushald med inntekt under fattigdomsgrensa er 7,8 %, 168 born, dette er den lågaste delen sidan 2015 (kommuneprofilen.no). Barnefattigdom kan ha negative konsekvensar med omsyn til sosial deltaking og fysisk og psykisk helse.

3.5 Barnehage

Barnehagar med høg kvalitet har ei rekke psykisk helsefremmande effektar, og kan kompensere for familiebasert risiko som fattigdom, rusmiddelbruk, depresjon hos mor, parkonfliktar og familieoppløysing. Høgkvalitetsbarnehagar er kjenneteikna av små barnegrupper og tilstrekkeleg, godt utdanna og stabilt personale, som har lett tilgang til rettleiing frå kommunepsykolog eller anna særskilt psykisk helsepersonell (Folkehelseinstituttet, 2011).

3.5.1 Barn per tilsett

Det er i snitt 6 barn per årsverk i grunnbemanninga i barnehagane i Giske kommune. Talet er litt høgare enn det nasjonale gjennomsnittet, som er 5,7 (barnehagefakta.no/Utdanningsdirektoratet januar 2024).

3.5.2 Utdanningsnivå blant dei tilsette

I den norske mor-barn undersøkinga fann ein at høg prosent ufaglærte tilsette hang saman med fleire symptom på emosjonelle vanskar hos gutar (Folkehelseinstituttet, 2015). 35 prosent av dei tilsette i barnehagane i Giske kommune har barnehagelærarutdanning eller tilsvarande, 0,8 prosent har anna pedagogisk utdanning og 16,2 prosent har barne- og ungdomslærarutdanning. Dei resterande 48 prosentane har anna høgskuleutdanning, fagarbeidarutdanning eller anna bakgrunn. På landsbasis har 43 prosent barnehagelærarutdanning eller tilsvarande, 1,8 prosent anna pedagogisk utdanning og 22,7 prosent barne- og ungdomsarbeidarlærarutdanning. Utdanningsnivået

er altså klart lågare i Giske kommune enn i resten av landet (tal frå barnehagefakta.no/Utdanningsdirektoratet, januar 2024).

37,5 prosent av barnehagane i Giske kommune oppfyller pedagognorma, som seier at pedagogiske leiarar må ha utdanning som barnehagelærer eller anna treårig pedagogisk utdanning med vidareutdanning i barnehagepedagogikk. Dette er ein framgang sidan 2018 då talet var 12,5 prosent. På landsbasis er talet 67,3 prosent. Kommunane kan gje dispensasjon frå utdanningskravet, men dette skal berre nyttast unntaksvis. 67,3 prosent av barnehagane i Giske kommune oppfyller pedagognorma med dispensasjon. Der er ingen barnehage i Giske som ikkje oppfyller pedagognorma (tal frå barnehagefakta.no/Utdanningsdirektoratet, januar 2024).

3.6 Skule

Ein helsefremmande skule er i følge Folkehelseinstituttet (2011) kjenneteikna av eit miljø der elevane får anledning til å delta aktivt og utfolde seg, der dei opplev å meistre skulearbeidet, og der dei ikkje blir mobba, men er ein del av eit positivt fellesskap saman med andre barn.

3.6.1 Trivsel på skulen

I Elevundersøkinga vert trivsel på skule presentert ved hjelp av eit gjennomsnitt på læringsmiljøindikatorar (skala 1-5). I Giske kommune viste resultatet ein skår på 4 i 7. trinn og 3.9 i 10. trinn. Dette er likt med gjennomsnitt i landet som viser 4 på begge trinn. Det er ingen merkbar endring frå fjorårets resultat (resultat frå Elevundersøkinga 2021/2022-2023/2024).

3.6.2 Mobbing

Barn som blir mobba har opptil sju gongar høgare risiko for psykiske plager enn barn som ikkje er utsett for mobbing (Folkehelseinstituttet, (6)). Talet på elevar i grunnskulen har i Noreg vore relativt stabile tidlegare, men dei to siste åra viser Elevundersøkinga at det har vore ei markant auke. Auka skjer på alle trinn (Utdanningsdirektoratet januar 2024).

I 2022 viste Elevundersøkinga at 8,9 prosent av alle elevar på 7. trinn og 9,2 prosent av alle elevar på 10. trinn i Giske kommune har opplevd mobbing i løpet av dei siste månadane. Resultatet frå undersøkinga hausten 2023 viser ei merkbar auke, der 10,6 prosent av elevar på 7. trinn og heile 22 prosent på 10. trinn svarar at dei har opplevd mobbing dei siste månadane. Resultat frå 10. trinn skil seg frå resten av trinna på ungdomsskulen, der resultatet er 9,5 prosent for 8. trinn og 10,2 prosent for 9. trinn. Resultat frå landet viser 12,8 prosent for 7.trinn og 10,9 prosent for 10. trinn (resultat frå Elevundersøkinga i perioden 2021/2022-2023/2024). I følge Ungdata 2024 er det på landsbasis 8 % av elevane i ungdomsskulen som jamleg (frå fleire gonger i veka til ein gong pr 14 dag) opplev å bli plaga, utfrosen eller trua av andre unge. På Giske Ungdomsskule er talet 12 %.

3.6.3 Fråfall

Ikkje fullført skulegang gir reduserte moglegheiter i arbeidslivet, aukar risikoen for uføretrygd og gir dårlegare levekår og helse. Forsking tyder på at mobbing og psykiske plagar er sentrale årsaker til fråfallet (Clausen, 2015). 18 prosent av alle ungdommar frå Giske kommune som begynner på vidaregåande opplæring fullfører ikkje. Delen er omtrent den same som i resten av fylket, men tre prosentpoeng høgare enn landsgjennomsnittet (Folkehelseprofil 2023). I følge tal frå Oppfølgingstenesta er det våren 2024 rundt 60 personar mellom 16 og 21 år som ikkje er i nokon form for aktivitet. Dette er eit tal som skapar bekymring.

3.7 Lovbrot

Talet på meldte lovbrøt per 1000 innbyggjarar i Giske kommune er 23,5 som er lågare enn landsgjennomsnittet som er 52,8 pr 1000 innbyggjarar (SSB, 2021-2022). Politiet melder om ei auke i straffesaker, spesielt innan rus-, vinning- og valdskriminalitet. Ei stor bekymring er auke i straffesaker blant ungdom (under 18 år), som har gått frå 26 saker i 2022 til 45 saker i 2023. Størst delen av sakane gjeld mindre tjuveri, men der er og meir alvorlege lovbrøt. Dette følger nasjonale tendensar og utvikling. 3 av 4 saker gjeld gutar.


3.8 Bustad

Standarden på bustadar i Giske kommune er generelt god. Kommunen har hatt ei relativt sterk befolkningsvekst dei siste ti åra (frå 7541 i 2013 til 8692 i 2023, tal frå ssb.no). Med forventa folketalsauke (SSB) vil det bli behov for fleire bustadar. Innan helse- og omsorg er det behov for fleire bustadar for utleie og bustadar for vanskelegstilte. Det er ei utfordring å skaffe bustad til flyktningar. For barn og unge med særlege behov trengst det fleire bustadar med heildøgns-tenester. Det er eit stort trykk på heildøgns-plassar for demente, det bør difor planleggast for fleire heildøgns-plassar og evt. andre bustadar som er tilpassa denne brukargruppa. I følgje rapport Bu- og tenestetilbod til demente, levert 2019, er det om lag 50 nye demenstilfelle pr. år. Det er behov for ulike differensierte tilbod til denne brukargruppa, alt frå lågterskeltilbod som dagavdeling, demensvenn, til velferdsteknologi (GPS, digitale tilsyn), tilrettelagte bustadar og heildøgnsstilbod.

4 Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø

Dagens folkehelse og sjukdomsstatistikk er på mange måtar eit uttrykk for korleis levekåra og miljøbelastningane er og har vore. På same måte vil framtidig folkehelse bli forma av helsefremmande og -hemmande faktorar som påverkar oss i dagens samfunn. Eit godt og trygt nærmiljø kan fremme helse, for eksempel ved å oppmuntre til fysisk aktivitet og sosial kontakt.

Sjukdommar som kreft, hjarte- og karsjukdom, psykisk sjukdom, lungesjukdom og allergiske lidingar kan bli utløyst eller forverra som følge av uheldig påverknad frå miljøet. Svangerskapet og tidleg barndom er særleg sårbare periodar. Ei rekkje miljøtilhøve har effekt på helsa. Det kan vere drikkevasskvalitet, luftkvalitet, smittsame sjukdomar, grad av støy, sykkelvegnett og kvalitetar ved nærmiljøet som tilgang til friområde, friluftsområde, sosiale møteplassar osb. Moglegheita for folk å delta på ulike arena i samfunnet styrker opplevinga av å ha verdi, det fremmer fellesskap og gir meining.



Kommunen kan gjennom planarbeidet legge til rette for god livskvalitet ved å fremme gode oppvekst- og levekår, samt tilgang til meningsfulle aktiviteter og fellesskap for innbyggerne. I utformingen av kommunens tilbud og tjenester, kan et nyttig spørsmål være om alle kommunens innbyggere har mulighet til å oppleve "hverdagsgledens fem"

Fem grep for auka livskvalitet (Five ways to wellbeing). Kjelde: Folkehelseinstituttet.

4.1 Drikkevatt

Giske kommune har i dag god tilgang på den viktigaste ressursen av alle i dagens samfunn, reint drikkevatt.

Kommunen har to moglegheter for vassforsyning som begge kan gje vatn til heile kommunen:

Giske vassverk: Får råvatnet sitt frå Alnesvatnet.

Ålesund vassverk: Får råvatnet sitt frå Brusdalsvatnet.

Alnes vassverk: Får reinska vatn frå Giske vassverk

Vasskvaliteten blir overvaka gjennom vassprøver tatt på ulike stader i kommunen kvar veke.

I Folkehelseprofilen 2023 er drikkevassforsyninga i Giske signifikant betre enn landet som heilheit.

Kommunen arbeider systematisk med drikkevasskvaliteten og talet på leidningsbrot har også gått drastisk ned.

4.2 Forureining og klima

I folkehelseprofil 2023 er nivå finkorna svevestøv signifikant lågare i Giske samanlikna med snittet i landet.

Miljøstatus-kart på Miljødirektoratet sine nettsider syner at Giske kommune har forureina grunn på Gjøsundneset, ved Flyplass og ved Vigra Kringkastar. Kartet syner vidare 20 utslepp til vann og 1 utslepp til luft og vann, frå industri.

[Miljøstatus Kart – Sjekk miljøtilstanden på kart \(miljodirektoratet.no\)](#)

Mikroplast kan spreie miljø- og helseskadelege stoff, både fordi plasten i seg sjølv inneheld slike stoff og fordi miljøgifter kan feste seg på overflata til mikroplasten. I tillegg kan dei små plastpartiklene i seg sjølv vere skadelege. Vi vet førebels lite om langtidseffektane av mikroplastutsleppa, men stadig meir forskning tyder på at det gir irreversible og langsiktige økologiske skader.

Giske kommune er offisiell medlem i adopsjonsordninga til «Hold Norge rent». Kommunen har gjennom dette forplikta seg til å bidra aktivt for å halde kommunen fri for søppel i samarbeid med Plastfritt Hav.


4.3 Støy

Støy vert definert som uønskt lyd og lyd som kan føre til høyrselsskade. Ifølge Miljødirektoratet er støy eit miljøproblem som rammer svært mange i Norge i dag, og eit alvorleg folkehelseproblem. To millionar er utsett for støy over 55 dBA utanfor huset sitt. Støy kan verke negativt på trivsel, prestasjonsevne, kommunikasjon og sosial åtferd. Langvarig eksponering for støy kan føre til stress som igjen kan føre til fysiske lidningar som eksempelvis muskelsmerter. Det er viktig å ta vare på og oppretthalde stille soner, særleg i frilufts- og rekreasjonsområde der forventninga til støyfrie omgivnader er stor.

Vegtrafikk er største kjelda til støyplager (80%). Fly, jernbane og industri er andre viktige kjelder til støyplage. Støy i arbeidslivet utgjør den største risikoen for høyrselstap i befolkninga.

Det er ikkje gjort undersøkingar som seier kor mange som samla sett i Giske kommune bur innanfor støyutsette soner. Bilete under syner støysone rundt flyplassen, henta frå støykart på Miljødirektoratet ([Støy og støyregelverket - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](https://miljodirektoratet.no)). Dette kartet er ikkje nøyaktig nok til å bruke i detaljert planlegging.

Utbredelse av støy fra ulike kilder



Miljøstatus | Støysonekartet viser omtrentlig støyutbredelse fra veg, bane, flyplass og skytebane. Kartene gir oversikt over støysoner, men er ikke nøyaktige nok til å brukes til detaljert planlegging.

4.4 Kultur og fritidstilbud

Eit rikt og inkluderande kulturliv og fritidstilbud er på mange måtar kopla til god folkehelse. Begge ber med seg ord som identitet, tilhøyrse og stoltheit, fellesskap, deltaking, inkludering, sosiale møteplassar, nettverk, meistring og glede.

Kommunane i Møre og Romsdal ligg lågast i landet på lista når det gjeld netto driftsutgifter til den samla kultursektoren. I fylket er det Giske kommune som bruker minst pengar på kultursektoren (1,3 % av netto driftsutgifter i 2021). I ei liste over alle kommunar i Noreg, er Sunndal kommune på 52. plass i Noreg, mens Giske kommune er nede på 353. plass av 357 kommunar (Møre og Romsdal Fylkesstatistikk 2022).

<u>Kunst og kultur er:</u>	<u>Kunst og kultur gir:</u>
• Verdi i seg sjølv • Ein føresetnad for trivsel i lokalsamfunnet • Meistringsaktivitet • Helsefremjande • Ivaretaking av tradisjonar og kulturminne • Grunnlagsinvestering og konkurransefaktor • Viktig føresetnad for reiselivssatsinga • Spesielt viktig ved lågkonjunktur • Ytring • Instrument for å nå andre mål • God samfunnsøkonomi	• Identitet og tilhøyre (samkjensle) • Stimulerer kreativ tenking • Personleg utvikling • Grunnlag for refleksjon og personleg vekst • Oppleving • Historisk forankring og forståing for det moderne samfunnet • Grunnlag for samfunnskritikk

Kjelde: Kulturplan for Giske kommune 2016-2026

4.4.1 Kulturskule

Kulturskuletilbodet i Giske kommune har vore nedprioritert etter at kommunen gjekk inn på ROBEK-lista. Det er berre nokre få tilbod til kulturskuleelevar.

4.4.2 Bibliotek

Biblioteket er eit litteraturhus og ein arena for kulturarrangement, samtalar og kanskje debatt. Det er ein trygg møteplass der ein kan studere i ro, bruke datamaskin, spele sjakk eller snakke med folk. Det er også ein plass der ein kan få informasjon om ting ein lurar på. Biblioteket driv aktiv formidling både til vaksne og barn. Dei har barnehage- og skulebesøk, forfattartreff og lesekampanjar. Biblioteket er også ein integreringsarena. Alle tilboda til biblioteket er gratis, det er for alle på tvers av alder, kjønn og sosialt tilhøyrsl. Dei som ikkje kjem seg til biblioteket får bøker levert heim. Alle skal ha same tilbodet sjølv om dei har vanskar med å komme seg dit.

4.4.3 Lag- og organisasjonar

Frivillige lag og organisasjonar utgjer ryggrada i kulturlivet. Kommunen har kontakt med ei rekke lag, organisasjonar og foreiningar, men har ikkje heilskapleg oversikt over talet på aktive lag/foreining/organisasjonar, eller talet på medlemmar. I Kulturplan 2016-2026 vert det vist til ei oppfatning om at talet er gått noko ned siste 10-15 år, og at auka krav til rapportering, profesjonalisering av frivillig sektor og utfordring knytt til rekruttering av leiarar kan vere blant forklaringane.

Nasjonalt har ein sett ei dreining i frivillig sektor frå medlemsbaserte aktivitetar med

samfunnspolitiske målsetningar til desentraliserte organisasjonsformer med meir spesialiserte føremål, sterk aktivitetsorientering og svakare ideologisk basis. Befolkninga er ikkje i like stor grad medlem i frivillige organisasjonar, men utgjer likevel ein stor frivillig innsats gjennom å bidra med ulønt arbeid (Arnesen, Sivesind og Gulbrandsen, 2016)

FRISKUS

Giske kommune fekk i 2023 på plass ein digital aktivitetsskalender – Friskus. Friskus samlar alle kommunen sine lag, organisasjonar og aktivitetstilbydarar på ein plass. Målet er at Friskus skal gjere det enkelt for innbyggjarane å finne ut kva som skjer i kommunen. I Friskus kan ein filtrere søk basert på interesser og dermed finne aktivitetar som passar for seg. Friskus kan også nyttast til å rekruttere frivillige. Portalen er gratis og kan brukast av alle lag, organisasjonar og foreiningar. Per november 2023 er nærmare 40 ulike organisasjonar registrert som arrangørar på giske.friskus.com, og ein arbeider for å få på plass fleire.

4.4.4 Uorganiserte tilbod

Giske kommune har ikkje kommunale tilbod for uorganisert ungdom per no, men det vert jobba med å opprette ein kommunal ungdomsklubb i løpet av 2024. Fleire lag og organisasjonar har tilbod om ungdomskveldar og opne møteplassar for ungdom.

4.4.5 Tilbod for barn og unge

I august 2023 vart det tilsett ein ungdomsarbeidar i Giske kommune. Ho har også ansvar for SLT-arbeidet i kommunen. SLT er samordning av lokale rus- og kriminalitetsforebyggjande tiltak. Det har vore tett samarbeid med både Ålesund og Sula i oppstarten av dette arbeidet. I 2023/24 er det etablert ein SLT-modell i kommunen med tre nivå; styringsgruppe, koordinerande nivå og utøvande nivå. Det er også etablert digitale foreldremøte i samarbeid med dei andre kommunane.

Netto driftsutgifter til aktivitetstilbod for barn og unge i kroner per innbyggjar i Giske var kr 11 i 2020 og kr 1 i 2021. Tilsvarande tal for fylket var kr 68 i 2020 og kr 55 i 2021. Til samanlikning brukte Vestland kr 144 per innbyggjar, medan Viken brukte kr 206 per innbyggjar (Møre og Romsdal Fylkesstatistikk 2022).

4.5 Møteplassar

Opplevinga av mangel på møteplassar har vore eit tema i kommunen over fleire år.

Tall frå Ungdata viser at ungdomsskuleelevar i Giske er mindre fornøgd med treffstadar (signifikant) og lokalmiljø (ikkje signifikant) samanlikna med fylket og landet. I 2023 vart det gitt midlar til fleire opne møteplassar i Giske kommune. På Vigra er det open møteplass på Mjølner og på Giske er det open møteplass på Giske gamle skule. Den kommunale ungdomsklubben på Valderøya er under oppussing og skal etter planen opnast hausten 2024 i lokala ved sidan av Giske kommunale idrettshall.

4.6 Frivillige

Giske kommune har ein aktiv Frivilligsentral med mange aktivitetar både for barn og vaksne. Det er også fleire frivillige grupper med pensjonistar som jobbar med vedlikehald og anna arbeid rundt institusjonane i kommunen. Det er ikkje ein oppdatert oversikt over alt frivillig arbeid som vert utført i kommunen.

4.7 Anlegg for idrett og fysisk aktivitet

Det er mange og varierte anlegg for idrett og fysisk aktivitet i Giske kommune. I kommunen er det tre idrettshallar; Giske kommunale idrettshall, Vigrahallen og Godøyhallen. Godøyhallen er eigd av

Godøy IL. I tillegg er det gymsalar på alle skulane. På kvar skule og ved kvar barnehage er det uteområde tilrettelagt for fysisk aktivitet. Kvaliteten varierer og det er behov for oppgradering av fleire områder. Giske kommunale idrettshall er i dårleg forfatning og må renoverast. Det er ingen svømmebasseng i Giske kommune.

4.8 Nærturterreng, rekreasjonsareal og turmoglegheiter

Folkehelseundersøkinga i Møre og Romsdal syner at 93,8 % opplev at natur- og friluftsområde er godt eller svært godt tilgjengeleg. Giske kommune har mange flotte rekreasjonsområde som er lett tilgjengelege. Det er også dei seinare åra laga til fleire nye grusa turstiar med lett tilgang frå parkering. Fleire stiar er også blitt steinsett av frivillige lag og organisasjonar for å skåne terrenget for hard bruk og gjere det lettare å ferdast der. På fine dagar er det mange besøkande frå nærområdet som brukar Giske kommune som rekreasjonsområde. Kajakk, kiting og surfing har også blitt meir og meir populært. Det er fleire område som er tilrettelagd for dette i kommunen. Friluftsrådet legg kvart år ut fleire Stikk Ut-turar i Giske kommune.

4.9 Gang- og sykkelvegar

Godt utbygd gang- og sykkelvegnett er spesielt viktig for barn og unge sine moglegheiter for sosial deltaking. Det gir også meir fysisk aktivitet for folk i alle aldrar og gode vanar som igjen kan gi betre helse på sikt. I Giske kommune, spesielt på Valderøya der dei fleste innbyggjarane bur, er det relativt korte avstandar kring på øya. Sentralt ligg både barneskulen og ungdomsskulen i kommunen. For dei aller fleste som bur på Valderøya er det mogleg å bruke gonge og sykkel som transport. Aktiv transport i høve skule har vist seg å skape betre læring blant elevane. Fysisk aktivitet og frisk luft er bra for hjernen. Gang- og sykkelvegar er ikkje like godt utbygd på dei andre øyane. Det er til dels smale vegar å sykle eller å gå langs fleire stader.

4.10 Kollektivtilbod

Bilen er eit naturleg val for mange i Giske. Dette har samband med at det er bru- og tunell mellom øyane, vêrutsette strekningar, mangelfullt kollektivtilbod og god tilrettelegging for bruk av bil. I møter/workshop kjem det fram at ungdommar i kommunen saknar betre kollektivtilbod, særleg tilbodet internt i kommunen er dårleg. Ungdommane fortel at dette kan bidra til isolasjon, fordi dei blir avhengige av at foreldre kan køyre til/frå aktivitetar og/eller møte med vennar.

5 Skadar og ulykker

Ulykker som fører til personskade er ei stor utfordring for folkehelsa. Personskadar som følgje av ulykker er nesten i same storleik som kreft, målt i tapte leveår. Ulykker med personskadar tek relativt mange unge liv, og er den største dødsårsaka for personar under 45 år.

Ut frå nasjonale tal vil 3 personar i Giske kommune døy kvart år på grunn av skadar ved ulykke. Dødsfall ved ulykker skjer oftast i samband med fall, forgifting (inkludert overdosar) og trafikkulykker.

Tal frå kommunehelsa sin statistikkbank tyder på at Giske kommune har om lag same tal på skader som nasjonalt.

Skadar og ulykker er eit område med stort førebyggingspotensiale. Dømer på førebyggjande tiltak kan vere symjeopplæring, sikring av vegar (inkludert sikring for fotgjengarar og syklistar), tiltak mot glatte vegar om vinteren, fallforebygging for eldre.

5.1 Hoftebrot

Ut frå nasjonale tal vil det skje om lag 12 hoftebrot i Giske kommune kvart år. Dette kostar samfunnet om lag 6,6 millionar kroner. Av dette er det kommunen som må dekke om lag 3,3 millionar. Viss kommunen førebygger to hoftebrot kvart år vil vi spare inn 1 million kroner i året.

6 Helserelatert åtferd

Helserelatert åtferd er åtferd som har direkte innverknad på helsa.

6.1 Oppsummering

- Inaktivitet, dårleg kosthald og bruk av alkohol, røyk og andre rusmiddel er viktige risikofaktorar for sjukdom, tidleg død og redusert livskvalitet i befolkninga
- Kommunen kan gjere tiltak som legg til rette for ein gunstig helserelatert åtferd for sine innbyggjarar
- Giske kommune har det same utfordringsbiletet som landet – og eit stort rom for betring

6.2 Fysisk aktivitet

- Fysisk aktivitet fremmer helse i alle aldersgrupper, og kan førebygge og behandle meir enn 30 sjukdommar.
- Fysisk aktivitet gir fleire leveår med god helse (kvalitetsjusterte leveår) samanlikna med inaktivitet. Det betyr både lengre levetid og auka livskvalitet.
- Fysisk aktivitet etter anbefalingane (150 til 300 minutt med moderat intensitet per veke) reduserer risikoen for hjarte- og karsjukdom, hjerneslag, høgt blodtrykk, type 2-diabetes og fleire former for kreft.
- Fysisk aktivitet etter anbefalingane har positiv effekt på mental helse, kognisjon (hukommelse), og søvn.
- Mykje stillesitting aukar risiko for tidig død, utvikling av hjarte- karsjukdom og kreft.

6.2.1 Vaksne

Vaksne er tilrådd å vere fysisk aktive i 2,5-5 timar kvar veke med ein intensitet som ved rask gonge. Til dømes kan ein gå tur i 20 minutt dagleg.

Ut frå nasjonale tal er det berre om lag 30 prosent som følgjer tilrådinga om fysisk aktivitet.

24 % av den vaksne befolkninga i Giske kommune er i moderat fysisk aktivitet minst 30 minutt fire dagar i veka eller meir. Tala er om lag på same nivå som resten av fylket.

Giske kommune har om lag 6500 innbyggjarar over 18 år. Av desse er det da berre om lag 2000 personar som er nok fysisk aktive, og 4500 personar som bør auke sin fysiske aktivitet.

6.2.2 Barn og unge

Barn og unge er tilrådd å vere fysisk aktive 60 minutt om dagen.

6.2.2.1 Nasjonale tal

- Blant 6-åringar tilfredsstiller 87 % av jentene og 94 % av gutane anbefalingane for fysisk

aktivitet.

- Blant 9-åringane tilfredsstiller 64 % av jentene og 81 % av gutane anbefalingane.
- Blant 15-åringane tilfredsstiller 40 % av jentene og 51% av gutane anbefalingane.

6.2.2.2 Lokale tal

Folkehelseprofilen til Giske kommune viser at 33 % av 17-åringar på sesjon trenar sjeldnare enn kvar veke. Dette er dårlegare tal enn landsgjennomsnittet på 28 %, men ikkje signifikant. Det er stort forbedringspotensial samanlikna med dei ti beste kommunane i landet.

I Ungdata-undersøkinga frå 2021 kjem det ikkje fram tal som tyder på at aktivitetsnivået blant barn og unge i Giske kommune skil seg frå landet elles.

6.3 Skjermbruk

Skjermbruk for barn og unge har både positive og negative sider. Ulike typar bruk av skjerm kan påvirke barna og ungdommane ulikt.

På den eine sida kan bruk av skjerm vere pedagogisk, stimulere kognitiv utvikling, motorisk funksjon og bidra til sosialt samspel. Nokre typar spel og skjermaktivitet kan også bidra til fysisk aktivitet.

Samtidig vil skjermaktivitet gjere barn og unge meir stillesittande. Skjermbruk på kveld og natt kan også redusere søvnkvalitet og søvnmengd.

Helsedirektoratet føreslår å avgrense skjermtid til 1-2 timar dagleg for barn og unge.

I 2017 var det 65 % av ungdommane i Giske kommune som brukte meir enn 3 timar kvar dag framfor ein skjerm. I 2021 hadde talet stige til 78 %, men vi ser ein stabilisering i 2024 med tal på 73 %. I 2024 ser vi om lag same nivå for dette talet i Noreg samla.

6.4 Kosthald

«Kostholdet har endret seg over tid. De siste ti årene har blant annet forbruket av sukker gått ned og forbruket av grønnsaker økt. Likevel har mange fremdeles et kosthold som øker risikoen for å utvikle hjerte- og karsykdommer, kreft, fedme og diabetes type 2. Det er også få som følger kostrådene. De største ernæringsmessige utfordringene i tiden framover er å øke inntaket av grønnsaker, frukt og bær, grove kornprodukter og fisk, og å redusere inntaket av mettet fett, salt og sukker i alle grupper av befolkningen». (6)

I folkehelseundersøkinga gjennomført i Møre og Romsdal i 2021 er det stilt spørsmål til om lag 650 personar i Giske kommune.

- 13,8 prosent drikk sukkerhaldig brus/saft eller liknande 4-6 gongar per veke eller oftare, noko som går mot dei nasjonale råda for kosthald.
- Godt under halvparten ser ut til å ete nok frukt, bær og grønnsaker. 36,4 prosent et frukt eller bær dagleg og 43,2 prosent et grønnsaker dagleg.
- 61,2 prosent et fisk 2-3 gongar per veke eller oftare.

6.5 Rusmiddelbruk

I gjennomsnitt drikk nordmenn i alderen 15 år og eldre noko over 7 liter rein alkohol per år. Menn drikk dobbelt så mykje som kvinner. Cannabis er det mest brukte narkotiske stoffet i den norske befolkninga.

- Bruk av alkohol og ulovlege rusmiddel er blant dei viktigaste risikofaktorane for død og tapte friske leveår i befolkninga.
- Alkohol er årsak til betydeleg meir helsemessige og sosiale problem i samfunnet enn narkotika.
- Eldre drikk oftare enn yngre. Med alderen aukar også legemiddelbruken. Kombinasjonsbruk av alkohol og legemiddel kan bidra til auka risiko for skadar og ulykker. Delen eldre i befolkninga aukar, og dette kan bli ei større folkehelseutfordring enn det er i dag. (2)

6.5.1 Alkohol

Alkohol er årsak til betydeleg meir helsemessige og sosiale problem i samfunnet enn narkotika. Det er ingen skarpe skilje mellom bruk og skadeleg bruk. Mest utsett for problem er dei som har eit høgt alkoholinntak over tid og/eller høge inntak per gong.

Alkohol kan føre til kreft, hjerneslag og andre fysiske sjukdommar. Det er fare for skadar, vald og avhengigheit.

6.5.1.1 Alkoholbruk vaksne

Ut frå nasjonale tal er forbruket av alkohol i den vaksne befolkninga ganske stabilt for perioden 2012-2022. Lokale tal viser litt lågare alkoholforbruk i Giske kommune enn i fylket elles.

6.5.1.2 Alkoholbruk ungdom

Alkohol er det vanlegaste rusmiddelet blant ungdom. Sjølv om vi har sett ein nedgang i alkoholbruken til ungdommen sidan tusenårsskiftet, er det framleis mange unge som drikk, særleg mot slutten av tenåra. Ungdata viser stor variasjon i kor gamle ungdommar er når dei byrjar å drikke alkohol. På slutten av ungdomsskulen har omtrent éin av fire opplevd å ha vore rusa.

Tidstrenden frå dei gjennomførte Ungdata-undersøkingane i kommunen tyder på at del som har vore rusa på alkohol det siste året har halde seg jamt siste åra. I 2024 var det 11 % som rapporterer å ha drukke så mykje at ein har følt seg betydeleg rusa siste året.

Nasjonale tal for bruk av alkohol blant ungdom har gått ned i følge tal frå FHI (siste tal 2019).

6.5.2 Narkotika

Cannabis er det mest brukte ulovlege rusmiddelet i den norske befolkninga.

Kokain er det nest mest brukte rusmiddelet, etterfølgt av ecstasy/MDMA og amfetamin. Dette viser både undersøkingar i den generelle befolkninga og i utelivsbransjen.

Bruk av cannabis over lang tid er forbunde med auka risiko for psykotiske lidningar, hjarte- og karsjukdommar og lungesjukdommar.

Det siste året har det på nasjonalt nivå, og i Giske kommune, utvikla seg ei stor bekymring rundt unge sitt forhold til illegale rusmiddel. Cannabis er fortsatt det rusmiddel som er mest brukt, men ein ser ei

markant auke i bruk av MDMA og kokain. I tillegg ser ein at brukarane vert yngre, og det er og i Giske kommune ungdom heilt ned i tidleg tenåra som har brukt tunge illegale rusmiddel. Både auke i antall brukarar og alderen dei debuterer har endra seg mykje. Både politiet, skule og tenestane i Giske kommune ser utviklinga og melder bekymring.

I følge Ungdata 2024 er det ei betydeleg auke av elevar ved Giske ungdomsskule som har prøvd eller fått tilbod om narkotika sidan Ungdata sist vart kartlagt i 2021. Talet er og noko høgare enn på landsbasis. 6 % av elevane ved Giske ungdomsskule svarar at dei har brukt hasj eller marihuana ein eller fleire gonger. 5 % svarar at dei har brukt andre narkotiske stoff ein eller fleire gonger. Heile 24 % svarar at dei har fått tilbod om hasj eller marihuana. Gjennomsnitt i Noreg er at 3 % av elevane svarar at dei har brukt hasj eller marihuana, 3 % svarar at dei har brukt andre narkotiske stoff og 18 % har fått tilbod om hasj eller marihuana.

6.5.3 Røyk og snus

Folkehelseundersøkinga Møre og Romsdal 2021 viser at 7,6 % av dei vaksne i Giske røyker dagleg. 12,2 % snusar dagleg, av desse er det flest menn. Tala ligg litt lågare enn fylket for røyk, men på same nivå som fylket for snus.

7 Helsetilstand

7.1 Oppsummering

Det ser ut til at helse i befolkninga ligg på om lag same nivå som i fylket og landet elles.

7.2 Venta levealder

Tala for venta levealder ligg litt høgare i Giske kommune enn for fylket og landet elles.(Kommunehelsta statistikkbank).

Kjønn og utdanningsnivå gir skilnad i venta levealder. Menn med låg utdanning kjem dårlegast ut, både nasjonalt og i Giske kommune.

I Giske kommune kan kvinner med vidaregåande utdanning eller høgare venta å leva til dei er 88,5 år. Menn med berre grunnskuleutdanning er venta å bli 79,8 år, nesten 10 år kortare levetid.

7.3 Eigenrapportert helse

Del som rapporterer god eller svært god helse er litt lågare i kommunen enn i fylket.

72,6 % i Møre og Romsdal mot 69,3 % i Giske kommune (Folkehelseundersøkinga Møre og Romsdal 2021).

7.4 Søvnn

Tal frå folkehelseundersøkinga i fylket (2021) tyder ikkje på at befolkninga i Giske kommune har søvnnproblem som skil seg frå fylket elles.

7.4.1 Nasjonale tal

- 15-20 prosent av befolkninga i Noreg har søvnnproblem.
- Problemet er aukande

- ¼ av norsk ungdom har søvnproblem
- Ungdom søv 2 timar kortare enn anbefalt på kvardagar
- Søvnmangel aukar risiko for fysiske og psykiske helseplager, fråfall frå arbeidslivet og ulykker

7.4.2 Risikofaktorar

- Skjermbruk
- Koffein, inkludert energidrikk

7.5 Overvekt og fedme

Kroppsmasseindeks (KMI, engelsk: body mass index, BMI) er forhold mellom vekt og høgde (kg/m²) og blir ofte brukt som mål på overvekt og fedme i befolkningsgrupper.

Det er først og fremst fedme som er forbunde med auka helserisiko. Høg BMI medverkar til anslagsvis 2800 årlege dødsfall i Noreg, og er knytta til ei rekke ulike sjukdomar som hjarte- og karsjukdom, diabetes og andre kroniske sjukdomar. (Kjelde: Folkehelse rapporten, FHI)

- 20 prosent av den vaksne befolkninga i Giske har fedme, med KMI på 30 eller høgare. Denne gruppa har auka dødeligheit og auka risiko for sjukdom.
- 38 prosent er overvektige og har auka risiko for diabetes.
- 41 prosent er normalvektige.

(Kjelde: Folkehelseundersøkinga, Møre og Romsdal fylkeskommune 2021)

7.6 Sjukdomsgrupper

7.6.1 Psykisk helse

7.6.1.1 Psykisk helse barn og unge

- Psykiske plager er vanlige blant ungdom. For jenter i alderen 13-24 år har andelen som rapporterer psykiske plager som bekymring og stress økt de siste tiårene.
- Andelen barn og unge som blir diagnostisert med en psykisk lidelse i spesialisthelsetjenesten har økt de siste ti årene, spesielt for jenter og kvinner i alderen 12-24 år.
- Under covid-19-pandemien (2020-2022) har det vært en klar økning i andelen 12-24-åringer som har blitt diagnostisert med en psykisk lidelse i både primær- og spesialisthelsetjenesten. (Folkehelse rapporten, FHI)

I 2020-2022 var det 9,5 % i aldersgruppa 15-24 år som fekk hjelp frå fastlege eller legevakt i Giske kommune for psykisk symptom. 8,7 % fekk hjelp for psykisk sjukdom.

Tala har auka frå førre periode, både i landet og Giske kommune (6).

7.6.1.2 Psykisk helse vaksne

- Psykiske plager er vanlig i befolkningen, og særlig utbredt blant unge voksne.
- For unge voksne, spesielt unge kvinner, har det vært en økning i andelen som rapporterer om psykiske plager de siste tiårene.
- Mellom én av seks og én av fire vil oppfylle kriteriene for en psykisk lidelse i løpet av et år.
- Psykiske lidelser og rusmiddellidelser opptrer ofte samtidig.
- Vi vet lite om enkeltårsakene, men både genetiske og miljømessige faktorer kan øke risikoen for

å utvikle psykiske lidelser. (Folkehelse rapporten, FHI)

I 2020-2022 var det 10,9 % i aldersgruppa 0-74 år som fekk hjelp frå fastlege eller legevakt i Giske kommune for psykisk symptom. 6,2 % fekk hjelp for psykisk sjukdom.

Tala har auka frå førre periode, både i landet og Giske kommune (6).

7.6.2 Hjarte- og karsjukdom

- Årlig antall førstegangs hjerteinfarkt per 100 000 innbyggere går ned. Av de som rammes, er det færre som får et alvorlig infarkt.
- Nedgang i røyking, kolesterol, systolisk blodtrykk og bedre behandling forklarer en stor del av nedgangen i antall førstegangs hjerteinfarkter.
- I grupper med lav utdanning er det en høyere andel som rammes av hjerteinfarkt enn i grupper med høyere utdanning. (Folkehelse rapporten, FHI)

Hjarte- og karsjukdommane omfattar hjerteinfarkt, hjartekrampe (angina pectoris), hjertesvikt, hjerneslag og andre sjukdommar i hjarte og blodårer.

Tal for Giske kommune ligg på om lag same nivå som nasjonalt og i fylket (6).

7.6.3 Kreft

Kreft er ikkje ein enkelt sjukdom, men ei felles nemning på fleire sjukdommar som kan ha ulike risikofaktorar og ulik sjukdomsutvikling. Det kan ta lang tid frå eksponering av risiko til ein utviklar kreft og mange faktorar kan medverke til at sjukdom oppstår.

Eitt av tre tilfelle av kreft kan henge saman med

- Kosthald
- Fysisk aktivitet
- Røyke- og alkoholvanar

Endring av levevanar i befolkinga har derfor stort potensiale i å redusere risiko for utvikling av kreft. Førekost og dødelegheit varierer med sosioøkonomisk status, der skilnadane knyt seg til utdanningsnivå.

I Giske kommune er dødelegheit av kreft lågare enn i landet.

Talet på nye tilfelle av hudkreft lågare enn landet i snitt, men på same nivå som resten av fylket, dette gjeld for begge kjønn.

Tal på menn som har fått tykk- og endetarmskreft i Giske kommune i perioden 2013-2022 ligg lågare enn landet og fylket. For kvinner er dette talet høgare enn snittet både samanlikna med fylket og landet samla. Det er usikkert om dette er tilfeldig eller om det er faktorar blant kvinnene i Giske som påverkar risiko for tykk- og endetarmskreft (6).

For andre krefttypar ligg tala om lag på same nivå som landet og fylket.

7.6.4 Type 2 diabetes

Type 2 diabetes (sukkersjuka) skuldast i ein viss grad arvelege faktorar, men arv åleine er sjeldan nok

til å utvikle diabetes. Blant dei viktigaste påverkelege risikofaktorane for type 2-diabetes, er:

- Overvekt og fedme
- Fysisk inaktivitet
- Røyking

Vi har ikkje eksakte data for utvikling av diabetes type 2 og tal på personar med diagnosen, men indikatorar for landet, fylket og kommunen tyder på at det er ei negativ utvikling.

7.6.5 Kronisk obstruktiv lungesjukdom (KOLS)

Den viktigaste årsaka til utvikling av KOLS er røyking. KOLS var den fjerde vanlegaste dødsårsaka i landet i 2021. Det er ein sjukdom som kan gje betydeleg svekka funksjon for dei som er ramma.

Tal på personar med KOLS i landet har gått ned over tid. Det er venta at talet vil halde seg stabilt framover på grunn av auka alder i befolkninga.

Tal for Giske kommune viser ikkje klar skilnad samanlikna med fylket og landet.

7.6.6 Muskel- og skjelettlidingar

Muskel- og skjelettskader, sykdommer og plager rammer de fleste av oss i løpet av livet, og er en viktig årsak til dårlig helse, nedsatt livskvalitet, sykefravær og uførhet.

Ryggsmerter er den vanligste av disse tilstandene, og også den som koster samfunnet mest.

Risikofaktorene for muskel- og skjelettskader, sykdommer og plager er delvis ukjente, men inaktivitet, overvekt, røyking og arbeidsrelaterede faktorer er blant de som har innvirkning på alvorlighetsgraden.

Kjelde: Folkehelse rapporten, FHI

Utvikling av muskel- og skjelettlidingar viser ganske stabil førekomst i landet, men vi manglar oppdaterte tal.

Tal for Giske kommune tyder ikkje på at vi skil oss tydeleg frå landet eller fylket (6).

7.7 Vaksinasjonsdekning

Giske kommune ligg godt an når det gjeld vaksinasjonsdekning (6).

For mange potensielt farlege sjukdommar er vaksinasjon det mest effektive førebyggjande tiltaket ein kjenner. Tall på vaksinasjonsdekning kan vere til hjelp i vurdering av smittevernet i befolkninga samt vaksinasjonsprogrammet sin effektivitet. Ved eit effektivt vaksinasjonsprogram med høg vaksinasjonsdekning vil det sirkulere lite smitte i befolkninga, og det vil føre til at dei uvaksinerte indirekte blir beskytta. Dette kallast flokkimmunitet (Folkehelseinstituttet).

8 Referansar

1. Folkehelseinstituttet, rapport 2/2015: «Sårbare barn i barnehagen – betydningen av kvalitet».

2. Kvardagsgledas fem: <https://www.fhi.no/ps/livskvalitet-og-trivsel/hverdagsgledens-fem-kunnskapsbaserte-grep-for-god-livskvalitet/>
3. Adopsjonsordninga til Hold Norge Rent: <https://holdnorerent.no/minbitavnorge>
4. [Forurensning og støy \(miljodirektoratet.no\)](#)
5. Folkehelserapporten – Helsetilstanden i Norge (FHI): <https://www.fhi.no/he/folkehelserapporten/?term=>
6. Kommunehelsa statistikkbank: <https://khs.fhi.no/webview/>
7. Helsedirektoratet – rettleiar om systematisk folkehelsearbeid: [Oversikt over helsetilstanden og påvirkningsfaktorer i kommunen - Helsedirektoratet](#)
8. Folkehelseundersøkinga i Møre og Romsdal 2021: [Folkehelseundersøkinga i Møre og Romsdal 2021 - FHI](#), [Folkehelseundersøkinga 2021 \(mrfylke.no\)](#)
9. Folkehelseprofilen til Giske kommune: [Hent folkehelseprofil eller oppvekstprofil - FHI](#)
10. Ungdata: <https://www.ungdata.no/>
11. Statistisk sentralbyrå: <https://www.ssb.no/>
12. «Fattigdom i Norge»; Clausen, 2015
13. NAV: www.nav.no
14. Barnehagefakta: www.barnehagefakta.no
15. Utdanningsdirektoratet: www.utdanningsdirektoratet.no
16. Kommuneprofilen: www.kommuneprofilen.no